



# ÅRSMELDING 2012

## Generelt.

I/S Fjordvegen Rute 13 er eit interesseselskap for den viktige indre samferdselsåra Rv/Fv 13 på Vestlandet som går gjennom dei 3 fylka Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane.

Fjordvegen Rute 13 er ei livsnerve for kommunane den går gjennom, både for næringsliv/turisme og innbyggjarar.

Fjordvegen Rute 13 har Riksvegstatus på strekninga Sandnes- Jøsendal/Odda – Voss-Vik/Vangsnes-Hella (- med Rv 55 Hella-Sogndal) og Fylkesvegstatus på strekninga Dragsvik-Gaular-Moskog/Førde og turistvegstatus på strekningane Moskog/Førde-Balestrand, Kinsarvik – Tyssedal og Røldal-Forsand.

## Vedtektene for I/S Fjordvegen Rute 13 legg mellom anna vekt på:

- Føremål: Selskapet skal arbeida for å
- byggja ut Rv/Fv 13 for å gjera vegen betre for brukarane
  - stø vegen for lettare trafikkavvikling
  - auka løyvingane til utbygging av vegen og stø arbeidet med å gjera Rv/Fv13 til stamveg
  - marknadsføre vegen både som turistveg og transportalternativ

Medlemskap: Alle som støttar føremålet, kan verte medlem.

Styret: Styret har 8 styremedlemer. Det er 5 årsmøtevalde for 2 år om gongen og 3 valde frå Fylkeskommunane for ein 4-årig valbolck. Styret skal ha møte så ofte som arbeidet krev det. Styret skal driva selskapet for utvikling, pådriving og innimellom gje uttalar på vegne av organisasjonen.

## Organisasjon.

Hardangerrådet v/dagleg leiar Leiv Vambheim, som også er dagleg leiar i IS Fjordvegen, og konsulent Trude L. Rinaldo er sekretariat for selskapet.

Økonomi: Hardanger Økonomiservice as har ført rekneskapen og Indre Hordaland Revisjonsdistrikt har vore revisor for selskapet.

I året 2012 har selskapet 15 kommunar, 2 regionråd, 5 næringsforeingar, 3 fylkeskommunar og 4 verksemdar som medlemar:

|                    |               |                 |
|--------------------|---------------|-----------------|
| Sandnes Kommune    | Postboks 583  | 4305 SANDNES    |
| Ulvik herad        | Skeiesvegen 3 | 5730 ULVIK      |
| Sauda kommune      | Postboks 44   | 4201 SAUDA      |
| Strand kommune     | Rådhusgt.     | 4100 JØRPELAND  |
| Hjelmeland kommune |               | 4130 HJELMELAND |
| Suldal kommune     |               | 4230 SAND       |
| Forsand kommune    |               | 4110 FORSAND    |
| Odda kommune       | Oppheimsgt.31 | 5750 ODDA       |
| Eidfjord kommune   | Simadalsv. 1  | 5783 EIDFJORD   |
| Granvin herad      | Postboks 13   | 5733 GRANVIN    |

|   |                   |                        |
|---|-------------------|------------------------|
| Ullensvang herad  |                   | 5780 KINSARVIK         |
| Voss kommune  | PB 113            | 5701 VOSS              |
| Gaular kommune  |                   | 6973 SANDE I SUNNFJORD |
| Balestrand kommune  | Rådhuset          | 6899 BALESTRAND        |
| Vik kommune   | PB 134            | 6891 VIK I SOGN        |
| Sogn og Fjordane fylkeskommune                            |                   | 6863 LEIKANGER         |
| Hordaland fylkeskommune                                   | Postboks 7900     | 5020 BERGEN            |
| Rogaland fylkeskommune                                    | Postboks 299      | 4002 STAVANGER         |
| Hardangerrådet iks  | PB 78             | 5782 KINSARVIK         |
| Ryfylke iks v/Arne Kleppa                                 |                   | 4130 HJELMELAND        |
| Næringsforeningen i Stavanger-regionen                    | Pb 182            | 4001 STAVANGER         |
| Vik Næringssamskipnad                                     |                   | 6893 VIK i Sogn        |
| Ullensvang Næringsamskipnad                               | Pb 73             | 5782 KINSARVIK         |
| Hjelmeland Vekst AS                                       | Sande Næringsbygg | 4130 HJELMELAND        |
| Sunnfjord Næringsutvikling                                | Pb 133            | 6801 FØRDE             |
| Stiftelsen Preikestolen                                   | PB 199            | 4126 JØRPELAND         |
| Hardangerbrua v/Einar Lutro                               |                   | 5781 LOFTHUS           |
| Folgefonn tunnelen A/S v/ Geir Mogren, Kvinnherad Kommune |                   | 5470 ROSENDAL          |

Pr. 31.12.2013 har Granvin herad og Sunnfjord Næringutvikling meldt seg ut om selskapet.

#### Kontingentane for 2012:

|  |           |
|--|-----------|
| Medlemskategori 1: Kommunar, Fylkeskommunar og offentlege selskap      | kr 15.000 |
| Medlemskategori 2: Næringssekskap/Interesseselskap over 50 medlemmer   | kr 10.000 |
| Medlemskategori 3: Næringssekskap/Interesseselskap inntil 50 medlemmer | kr 5.000  |
| Medlemskategori 4: Andre   | kr 1.000  |

#### Styret etter årsmøtet 2012:

2012/2014

Arne Kleppa varamedlem Torkel Myklebust

Marta Finden Halset varamedlem Harald Offerdal

2011/2013

Bjørn Laugaland, Hjelmeland varamedlem: Hans Sæter, Suldal

Sigbjørn Hauge, Voss varamedlem: Lilly Karin Helland, Voss

Jan Ivar Rødland, Granvin varamedlem: Ingjald Hauso, Gaular

2011/2015

Per Kåre Foss Rogaland fylkesk varamedlem: Geir S. Toskedal

Einar Horvei, Hordaland Fylkesk varamedlem: Gard Folkvord

Anders Ryssdal S&F fylkesk varamedlem: Laila Rinde

Leiar 2012/2013: Arne Kleppa

Nestleiar 2012/2013: Marta Finden Halset

Valnemnd for 2013:

Solfrid Borge, Jenny Følling, Bjørn Laugaland

Styret har i 2012 halde 3 styremøte og handsama 13 saker. I tillegg har det vore felles styremøte med Fjordvegen Diktarvegen AS og Medlemsmøte 05.10.2012. Det vart halde Årsmøte på Lofthus 19.06.2012

#### **Tema som styret har handsama.**

##### IS Fjordvegen og Fjordvegen Diktarvegen AS

Det var planen at i 2012 skulle IS Fjordvegen avviklast og fusjonerast med Fjordvegen Diktarvegen AS. Hovudarbeidet i 2012 har derfor dreia seg om denne overgangen, som har

vore sak på kvart styremøte i selskapet. Det vart halde, for dei frammøtte, ein vellukka Diktarvegkonferanse mars 2012, som ein kick-off for selskapet FDAS. Alle formalitetar vart så tilrettelagde og Årsmøtet 2012 skulle vedta nedlegging av IS Fjordvegen. Men utviklinga av Fjordvegen Diktarvegen AS fekk ikkje på plass 2/3 av driftsfinansering. Årsmøtet i IS Fjordvegen 2012 såg dette, opprettheldt selskapet og la slike føringar: «Fokus må vera på veg og strategiar for selskapet. Ein må henta fram att opprinnelege strategiar og handlingstiltak. Selskapet må verta meir tydelege og styrkja samarbeidet. Selskapet held eit medlemsmøte til sjølvkost hausten 2012.»

#### Medlemsmøte 05.10.2012.

Styret held medlemsmøte på Lofthus 05.10.2012, der 15 medlemmer var tilstades, for å drøfta situasjonen for selskapet og for å få signal om vidare arbeid. Etter innleiingar og gruppedrøftinga. Styreleiar konkluderte slik etter dette møtet:

- ✓ Styret opp summerer innspela frå medlemsmøtet og utarbeider eit framlegg til Arbeidsplan 2013 som grunnlag for innsalg hos eigarane.
- ✓ Medlemkontingenten vert dobla. Det går budsjettprosessar no i desse dagar. Derfor må ein vera raske med å senda eit brev til medlemmene.
- ✓ Organiseringa må styret drøfta. En modell er å overta Fjordvegen Diktarvegen AS
- ✓ Det ligg ein søknad i Samferdselsdepartementet om ein KVVU for heile Rv/Fv 13.
- ✓ Namneforslag: IS Fjordvegen Rute 13

#### Revitalisering av IS Fjordvegen Rute 13.

Styret gjorde slik vedtak 07.12.2012 om revitalisering av selskapet, vidareføring i 2013:

- a) Fjordvegen Diktarvegen AS vert avvika som selskap og heimesida stengt, om ikkje LNK vil overta selskapet.
- b) Styreleiar og dagleg leiar utarbeider redigerte vedtekter til neste styremøte. Namnet vert Fjordvegen Rute 13. Orda GUL STRIPE vert med i vedtektene. Selskapet vert framleis eit Interesseselskap og ikkje omdanna til AS før tida er moden.
- c) Kontingentkrava for 2013 vert utsende tidleg i januar 2013 og purring for ubetalt kontingent vert også sendt etter nyttår. Fjordvegen forventar ikkje eigne vedtak hos medlemmene, berre innbetaling som godkjent kontingentauke.
- d) I første kvartal 2013 skal selskapet prioritera intern marknadsføring. Det vil seia at selskapet inviterer seg inn til alle kommunestyra og alle næringsforeiningar til å orientera og inspirera for aktivt arbeid for Rv/Fv13 og å bruka Fjordvegen Rute 13 som samarbeidsorgan for sine veginitiativ. Det er ønskjeleg å få enkeltverksemder også som medlemmer for å auka engasjementet for selskapet. Om ein kan få til felles møte i små kommunar er dette effektivt. Næringsssjefen i kommunane kan vera gode medspelarar. Også andre organ og Vestlandsrådet kan vera aktuelle å vitja etter kvart.
- e) Det vert laga ny brosjyre for Fjordvegen Rute 13.
- f) Dagleg leiar lagar ein plan for arbeidet med intern marknadsføring og lagar ein Powerpoint-presentasjon til felles bruk. Styremedlemmene må vera førebudde på å møta i sine nærområde.
- g) Lobbyering inn mot NTP vert gjort etter framlagt Stortingsmelding i mars og vedtak i juni 2013. Selskapet inviterer seg med dei politiske organa som får møte med Stortingsgrupper, som Ryfylkerådet, Hardangerrådet, Sogn regionråd, partidelegasjonar og kommunar for å spela inn sine prioriteringar og gje støtte til delegasjonane.
- h) I samband med den KVVU-en som Vegdirektoratet skal laga for heile Rv/Fv 13 strekinga, så må den purreast på. Selskapet sender brev til Vegdirektøren med spørsmål om status og framdrift.
- i) Styreleiar sender brev til Hardangerrådet iks med spørsmål om å ta på seg å halda fram som sekretariat og halda dagleg leiar.

### Nasjonal Transportplan.

Fjordvegen Diktarvegen AS, med tilslutning frå IS Fjordvegen 14.05.2012, ga ein utfyllande uttale til NTP våren 2012. Denne var bygd opp slik at det først gav ein generell uttale til dei overordna områda i NTP og så spesifikke forventningar med innspel til dei kvar av dei 3 fylka Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane. **Uttale er vedlagt denne årsmeldinga.**

### Regional Transportplan for Hordaland:

IS Fjordvegen gav 19.06.2012 uttale til RTP Hordaland (RTP Rogaland og Sogn og Fjordane har eigen ordningar) der ein sette fokus på utviklinga av fylkesvegane og kollektivtransporten. Like fullt presiserte ein dette om Finansiering av Fylkesvegane:

«IS Fjordvegen forventar, no etter funksjonsfordelinga av vegsektoren mellom stat og fylke, at Staten føl opp denne fordelinga med betydelege midlar slik at fylkeskommunane kan vera aktiv vegeigar med både drift, vedlikehald og investeringar. IS Fjordvegen vil peika på at me har eit samanhengande vegnett i landet og det vert derfor viktig også i RTP å ha blikk for dette.

IS Fjordvegen viser også til kommunane/herada sine mogelege egne meir spesifikke uttalar til RTP.

I Hordaland er heile strekninga Rv 13 Brattlandsdalen – Vikafjellet riksveg og slik berører ikkje RTP Hordaland direkte interesseselskapet IS Fjordvegen. Likevel er tverrsamband og tilførselssamband i fylkesvegnettet i Hordaland viktig for IS Fjordvegen som transportårer for lokalsamfunna langs RV 13.» **Uttalen fås hos sekretariatet.**

### Statusrapportar frå utviklinga av Rv/Fv 13 i dei 3 fylka.

Kvart styremøte har ein eigen post der styremedlemmene oppdaterer kvarandre om kva som skjer på vegsektoren for Rv/Fv 13 i sine område. På denne måten kan styremedlemmene sjå heile Fjordvegen samla og kan bruka informasjonen til vidare arbeid for regionane sine egne prosjekt. Det skjer gledeleg mykje langs Rv/Fv 13 og mange planar er under arbeid. Den gule stripa et seg framover meter for meter og saman med dei mange flinke vegselskapa langs og i tilknytning til Rv/Fv 13, vert det resultat.

### Kort rapportering for Arbeidsplan for IS Fjordvegen

Det vart ikkje utarbeidd ny Arbeidsplan for 2012/2013 på Årsmøtet 2012 sidan selskapet eigentleg skulle avviklast.

Status for gjeldande arbeidsplan er slik:

1. Utvikling av nytt selskap med Fjordvegen og Diktarvegen  
Fjordvegen Diktarvegen AS vert avvikla og IS Fjordvegen Rute 13 vert revitalisert
2. Påverknad og oppfølging av statlege og fylkeskommunale vedtak gjennom rute 13.
  - Styremedlemmene rapporterer på kvart styremøte om den utviklinga som skjer innan sine geografiske område.
  - Styret har gjeve innspel til NTP og RTP Hordland.
3. Skaffa midlar til utvikling av Rv 13.  
Medlemsmøtet 2012 bestemte dubling av kontingenten for å styrkja selskapet.
4. Etablera Rv 13 som den indre Fjordvegaksen på Vestlandet.
  - Vestlandsrådet fokuserer på Kyststamvegen og vil ikkje ha ansvaret for Rute 13.
  - Vikafjellstunnelen har vore på agendaen i selskapet ved fleire høve. Endeleg trase er valt.
  - Store utbetringar er gjort langs RV 13, men endå meir står att
5. Samarbeida med Nasjonalt Turistvegkontor og reiselivsselskap om vidareutvikling av dei 3 turistvegane på strekninga.
  - Det har ikkje vorte fellesmøte mellom IS Fjordvegen og reiselivet i 2012
6. Samhandling med vegselskap.
  - Styret i selskapet har følgd utviklinga i vegselskap og bomselskap langs rv13.
7. Rekruttering.  
Ikkje aktivitet i 2013 for IS Fjordvegen. Ny satsing i 2013.

### **Kommentarar til rekneskapen. Vidare drift.**

Rekneskapen for 2012 er ført etter rekneskapslova som eige selskap av Hardanger økonomiservice og revidert av Indre Hordaland Revisjonsdistrikt. Rekneskapen for 2012 viser at selskapet hadde medlemsinntekter på 314.000 kr og driftsutgifter på 203.000 kr. og renteinntekter er på 9.000 kr.

IS Fjordvegen eig aksjar for 110.000 kr i selskapet Fjordvegen Diktarvegen AS som vert nedskrive til 0 og har teke 50 % utgiftene til underskoter slik at underskotet totalt i 2012 er 30.000 kr. På bankkonto står 345.000 kr. pr 31.12.2012. Likviditeten er pressa.

### **Diverse.**

#### Arbeidsmiljø og personale.

Selskapet har ikkje egne tilsette, men kjøper sekretærtjenestene frå Hardangerrådet der Leiv Vambheim er dagleg leiar i begge selskapa i 2011.


#### Likestilling.

Selskapet sitt styre er 7 menn og 1 kvinner og mellom varamedlemmene i styret er 6 menn og 2 kvinner.

#### Miljø.

IS Fjordvegen si drift ureinar ikkje det ytre miljøet.

Lofthus 30.04.2013



Arne Kleppa  
Styreleiar

.....  
Bjørn Laugaland  
Styremedlem



Jan Ivar Rødland  
Styremedlem

.....  
Einar Horvei  
Styremedlem



Leiv Vambheim  
Dagleg leiar



Marta Finden Halset  
Nestleiar



Sigbjørn Hauge  
Styremedlem

.....  
Per Kåre Foss  
Styremedlem

.....  
Anders Ryssdal  
Styremedlem